



Ålesund
kommune

Politisk delegeringsreglement

For Ålesund kommune 2023 – 2027

Foto: Marit Brunstad

Innhald

Innleiing.....	4
Bakgrunn	5
Målsetjing.....	5
Definisjon	5
Krav til utøving av delegert mynde – omgjeriing	5
Prinsippet om maksimal delegering.....	6
Prinsipiell/Ikkje prinsipiell sak	6
Kontrollutvalet si rolle.....	6
KLAGEBEHANDLING	6
Klage på enkeltvedtak – eksternt klageorgan	7
Klage på enkeltvedtak – kommunen sjølv som klageorgan	7
INNSTILLINGSRETT	8
Reglar for innstilling i politiske saker.....	8
Innstillingsrett for ordførar	8
KOMMUNESTYRET	9
Kommunestyret som kommunen sitt øvste organ.....	9
Kommunestyret si delegering av mynde til andre	9
Oppgåver som skal ligge til kommunestyret etter kommunelova	10
Oppgåver og mynde som kommunestyret sjølv har etter særlover og vedteke delegeringsreglement	12
Vedta lokale forskrifter – kommunale betalingstenester	14
DELEGERING TIL FORMANNSKAPET	15
Ansvarsområde og mynde.....	15
Formannskapet skal innstille til kommunestyret i følgjande saker	16
Formannskapet skal ha avgjerdsmynde etter følgjande særlover	17
Delegering av mynde til formannskapet i hastesaker	18

FASTE UTVAL	18
Hovudutval for kultur og oppvekst	18
Hovudutval for helse og omsorg	19
Hovudutval for teknisk, miljø og samferdsel.....	20
Planutval.....	20
Eigarskapsutval.....	21
Valstyre.....	22
Forhandlingsutval.....	22
Kommunedelsutval	22
Oppgåveutval - tidsavgrensa	24
Arbeidsutval	24
DELEGERING TIL ANDRE KOMMUNALE ORGAN	25
Ålesund ungdomsråd	25
Partsamansett utval og forhandlingsutval	25
KOMMUNALE FØRETAK	25
ORGAN ETTER SÆRLOV	26
ORDFØRAR	27
Mynde og delegering til ordførar	27
KOMMUNEDIREKTØR	28
RETTSTVISTAR MV	30
Avgjerdsmynde i rettstvistar mv. (pkt. 7 i vedteke rettsinstruks)	30
DELEGERING TIL ANDRE	32
IKRAFTTREDING	32

Politisk delegeringsreglement 2023 – 2027 vart vedtatt i kommuneutval Ålesund 28.9.23 som tilråding til kommunestyret. Ålesund kommunestyre vedtok reglementet 26.10.23. Kommunestyret vedtok 25.09.25 at kommunedirektøren skal ha uttalerett i saker hamnerådet innstiller til kommunestyret.

Innleiing

Ålesund kommune sitt delegeringsreglement er heimla i kommunelova § 5-14 og skal innehalde reglar som avklarar ansvar- og myndefordeling mellom dei ulike folkevalde organa og tilhøvet mellom kommunestyret og administrasjon, samt krav til rapportering. Reglementet regulerer også retten til å innstille der vedtaksmynde er lagt til eit politisk organ.

I situasjonar som er omfatta av kommunen sin beredskapsplan gjeld beredskapsplanen framom dette delegeringsreglementet.

Kommunalt eigde selskap er ikkje omfatta av delegeringsreglementet. Delegering til kommunalt eigde selskap skal gå fram av selskapsvedtektene. Interkommunale politiske råd får oppgåver og mynde fastsett i eigen samarbeidsavtale. Det same gjeld kommunale oppgåvefellesskap. Vertskommunesamarbeid med felles folkevald nemnd får oppgåver og mynde fastsett i eigen skriftleg samarbeidsavtale mellom deltakarane i vertskommunesamarbeidet. Kommunale føretak får sitt mynde delegert via føretaka sine vedtekter.

Ålesundregionens Havnevesen er eit interkommunalt samarbeid mellom dei fire kommunane Ålesund, Sula, Giske og Haram. Selskapet sine fullmakter går fram av vedtektene for selskapet. Havnevesenet vert leia av eit hamneråd med åtte folkevalde medlemmer oppnemnde av dei einskilde kommunestyra. Hamnerådet har etter fullmakt frå kommunestyra den overordna styringa med selskapet. Hamnerådet er gitt direkte innstillingsrett til kommunestyret, men kommunedirektøren skal ha høve til å uttale seg i desse sakene før behandlinga i kommunestyret.

[Vedtekter for hamnerådet ligg på sidene til Ålesundregionens havnevesen](#)

Vidaredelegering frå kommunedirektøren til administrasjonen elles er ikkje omfatta av dette reglementet. Fullstendig oversikt vil gå fram av KF delegeringsreglement frå Kommuneforlaget AS.

Ålesund kommune er avhengig av at innbyggjarane har tillit til kommunen si utøving av mynde, saksbehandling og tenesteyting. Openheit er eit framtrедande prinsipp i kommunens forvaltning og vert sett på som eit viktig vilkår for legitimitet og tillit. Kommunen vil gjennom tenesta KF delegeringsreglement gjere eit fullstendig reglement tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

Delegeringsreglementet må sjåast i samanheng med reglement for folkevalde organ, då desse supplerer og utfyller kvarandre jf. kommunelova §§ 5-13 og 11-12. Reglementet må også sjåast i samanheng med vedteke Økonomireglement og Finansreglement.

Bakgrunn

Kommunelova sine reglar om delegeringsreglement og innstillingsrett § 5-14, pålegg kommunestyret sjølv å vedta reglement for tildeling av avgjerslemynde og innstillingsrett innan 31.12 året etter konstituering av kommunestyret.

Målsetjing

Formålet med å delegere mynde i kommunen er klar ansvarsfordeling, rettstryggleik og effektiv saksbehandling. Reglementet skal legge grunnlaget for god verksemdsstyring og internkontroll i Ålesund kommune.

Definisjon

Delegering i dette reglement tyder overføring av mynde til å fatte vedtak eller ta avgjerder på ulike område, frå kommunestyret til politiske organ ~~utval~~ eller til kommunedirektøren.

Mynde er både kompetanse kommunen er gitt gjennom lov og forskrift, og kompetanse kommunen har som sjølvstendig rettssubjekt (økonomiske og administrative fullmakter, samt rettsleg representasjon)

Særlovsfullmakt: Fullmakt til å utøve mynde etter særlovgeving på vegne av kommunen.

Økonomisk fullmakt: Fullmakt til å gjere disposisjonar som forpliktar kommunen økonomisk.

Administrativ fullmakt: Fullmakt til å utøve mynde i tilknytning til leinga av kommunen.

Krav til utøving av delegert mynde – omgjerding

All mynde skal utøvast i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, samt vere i samsvar med politiske vedtak og administrative retningslinjer og instruksar. Delegert mynde skal utøvast innanfor vedtekne plan- og budsjetttrammer.

All delegering av mynde skal vere skriftleg. Den som delegerer mynde har ansvar for korleis det delegerte myndet vert utøvd. Den som delegerer har derfor tilsyns- og kontrollansvar, og kan gi instruksjonar med omsyn til utøvinga av det delegerte myndet.

Organet som delegerer gir ikkje frå seg sitt mynde, men gir den i tillegg til nokon andre. Mynde kan når som helst trekkast attende. Eit overordna organ kan av eige tiltak gjere om eit underordna organ sitt vedtak når vilkåra for dette er oppfylte etter forvaltningslova § 35.

Kommunestyret som har det øvste tilsyn med den kommunale forvaltninga, kan krevje ei kvar sak lagt fram for seg til orientering eller avgjerd. På tilsvarande måte kan eit overordna organ krevje å få lagt fram sak som er delegert til eit underordna organ.

Det organet eller den som har fått delegert mynde, kan overlate til overordna organ å ta avgjerd i saker der vedkomande vurderer dette som føremålstenleg.

Vedtak fatta etter fullmakt / på delegert mynde skal rapporterast til det organ / den som har delegert mynde, innan tidsfristar og i den form som denne fastset.

Dersom reglane om delegering ikkje vert følgde kan konsekvensen bli at vedtaket eller den rettslege disposisjonen vert å sjå på som ugyldig.

Prinsippet om maksimal delegering

Delegering av avgjerdsmynde frå kommunestyret til folkevalde utval, samt delegering til kommunedirektøren, kan i prinsippet gjerast fullt ut i alle saker der ikkje anna følgjer av lov (kommunelova § 5-3 og særlover). I Ålesund gjeld prinsippet om maksimal delegering. Det betyr at mynde som utgangspunkt vert delegert til lågaste nivå innanfor ramma av lovverket og så langt kommunestyret vedteke. Prinsipielle saker vert lagt til folkevald nivå, og ikkje-prinsipielle saker leggst til kommunedirektøren.

Prinsipiell/Ikkje prinsipiell sak

Kva som er ei prinsipiell sak må vurderast ut frå saka sin karakter og moglege konsekvensar. I tillegg må det må vurderast i kva utstrekning viktige relevante og skjønsmessige sider er klarlagt gjennom politiske vedtak, instruksar eller tidlegare praksis. Det kan som utgangspunkt vere nyttig i sonderinga mellom prinsipiell/ikkje-prinsipiell sak å spørje seg om det til grunn for avgjerda er behov for meir enn ei fagleg og /eller regelbunden vurdering eller behandling.

Det er kommunedirektøren si plikt å ta stilling til om ei sak er av prinsipiell karakter eller ikkje. Om kommunedirektøren er i tvil om ei sak er av prinsipiell karakter, er det kommunedirektøren sitt ansvar å avklare dette i samråd med ordføraren.

Kontrollutvalet si rolle

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ og har ei rolle knytt til delegeringsreglementet. Kontrollutvalet sitt ansvar og mynde er gitt i kommunelova § 23-2 med tilhøyrande forskrift.

Kommunestyret fører gjennom kontrollutvalet kontroll med at heile den kommunale verksemda, både kommunedirektøren, formannskapet, andre politiske utval og ordførar, utøver sitt mynde i samsvar med lov og forskrift, vedtekne reglar og retningslinjer, under dette også evaluering av etablert delegeringspraksis.

Kontrollutvalet er kommunestyret sitt eige organ og innstiller og rapporterer direkte til kommunestyret. Kommunestyret har vedteke eit eige [Reglement for kontrollutvalet](#).

KLAGEBEHANDLING

Avgjersler gjort av administrasjonen eller av eit folkevalt organ kan behandlast av overordna organ på ulike måtar:

- som ordinære klagesaker (enkeltvedtak, jf. forvaltningslova og særlovgeving)
- ved at det vert framsett krav om lovlegkontroll (jf. kommunelova § 27-1)
- med bakgrunn i det generelle mynde eit overordna organ har til å få behandla ei sak og eventuelt omgjort eit vedtak.

Klageinstansen i Ålesund kommune er klagenemnd oppretta av kommunestyret med heimel i forvaltningslova § 28. 2 avsnitt.

Klage på enkeltvedtak – eksternt klageorgan

Behandling av klage over enkeltvedtak følgjer forvaltningslova sine reglar i kap. VI om klage og omgjerung, med mindre anna er bestemt i særlova som heimlar vedtaket.

Klage over enkeltvedtak skal behandlast av eksternt klageorgan (som hovudregel Statsforvaltaren) i alle saker der dette følgjer av den einskilde særlov.

Kommunestyret i Ålesund vedtek følgjande prinsipp for saksførebuing av klage på enkeltvedtak som skal behandlast av eksternt klageorgan:

1. Politiske organ er underinstans etter forvaltningslova § 33 ved saksførebuing av klagesak som gjeld enkeltvedtak gjort av organet sjølv.
2. Planutvalet er likevel underinstans etter forvaltningslova § 33 ved saksførebuing av klagesak som gjeld endeleg reguleringsvedtak gjort av kommunestyret etter plan - og bygningslova § 12 - 2 .
3. Kommunedirektøren er underinstans etter forvaltningslova § 33 ved saksførebuing av klagesak som gjelder enkeltvedtak gjort av kommunedirektøren sjølv eller nokon kommunedirektøren har delegert sitt mynde til. Kommunedirektøren kan vidaredelegere sitt mynde.
4. Planutvalet er likevel underinstans etter forvaltningslova § 33 ved saksførebuing av klagesak som gjeld enkeltvedtak etter plan - og bygningslova treft av kommunedirektøren sjølv eller nokon han har delegert sitt mynde til.

Klage på enkeltvedtak – kommunen sjølv som klageorgan

Der det ikkje er lovregulert at klagen skal behandlast av eit eksternt klageorgan, kan enkeltvedtak gjort av eit kommunalt organ klagast til kommunestyret, eller etter deira avgjerd, formannskapet eller klageutvalet, jf. forvaltningslova § 28 2. ledd. Viss kommunestyret har gjort eit slikt enkeltvedtak, er det likevel departementet som er klageinstans, ikkje eit anna kommunalt organ.

Kommunestyret i Ålesund vedtek følgjande prinsipp om saksbehandling av klage på enkeltvedtak der klagen skal behandlast endeleg av kommunen sjølv som klageinstans:

1. Klagenemnda er klageinstans ved behandling av klage på enkeltvedtak gjort av formannskapet eller planutvalet.
2. Klagenemnda er klageinstans ved behandling av klage på enkeltvedtak gjort av kommunedirektøren sjølv eller nokon kommunedirektøren har delegert mynde til.

INNSTILLINGSRETT

Reglar for innstilling i politiske saker

Når ei sak skal behandlast i fleire utval før saka skal avgjerast, skal behandlingsrekkefølga sikre at det utvalet som har saka innanfor sitt verkeområde er siste utval som behandlar saka. Innstilling/tilråding i utvalet som behandlar saka vert gjeldande ved oversending til neste utval.

Hovudregelen er at desse utvala innstiller til kommunestyret i saker innanfor sine område:

- Formannskapet
- Planutvalet
- Hovudutvala
- Kontrollutvalet
- Styra for dei kommunale føretaka
- Hamnerådet

Dersom ei sak som skal avgjerast av kommunestyret og formannskapet, skal handsamast av fleire hovudutval, skal kommunedirektøren i saksframlegget tilrå kva utval som innstiller til neste nivå.

Saker som er handsama i eit hovudutval, og skal til kommunestyret for endeleg avgjerd, går direkte frå utvalet til kommunestyret når økonomiske og administrative konsekvensar ligg innanfor ramma av gjeldande handlings- og økonomiplan.

I tillegg kan kommunedirektør og ordførar innstille til kommunestyret dersom det vert vurdert nødvendig å få opp ei sak til behandling i kommunestyret utan at saka går innom eit av organa som har innstillingsrett.

Oppgåveutval kan innstille til kommunestyret i saker dersom dei har fått tillagt direkte innstillingsrett i mandatet ved oppnemninga.

Med unntak av saker om gate- og vegnamn har ikkje kommunedelutvala innstillingsrett overfor andre folkevalde organ. Synspunkt og høyringsuttalar som kommunedelutvala gir, skal følgje aktuell sak i vidare handsaming.

Innstillingsrett for ordførar

Ordførar kan innstille i saker som gjeld politisk struktur, folkevalde organ si verksemd og folkevalde og kommunedirektøren sine arbeidsvilkår. Ordførar kan også innstille i andre saker dersom saka sin karakter tilseier det (politiske saker der det ikkje er naturleg at kommunedirektør innstiller). Kommunedirektøren skal etter kommunelova § 13 – 1, tredje ledd sjå til at sakene er forsvarleg utgreidde.

Innstillingsrett for valkomite for oppnemning av styremedlemmer

Med heimel i kommunelova § 5-7 har Ålesund kommune ein valkomite for oppnemning av styrerepresentantar til alle heileigde føretak uavhengig av føretaksform (selskap, kommunale føretak og stiftingar).

Valkomiteen innstiller kandidatar til styrerepresentantar i selskap, kommunale føretak og stiftingar.

Det er utarbeida retningslinjer for valkomiteen si samansetjing og arbeid.

KOMMUNESTYRET

Kommunestyret som kommunen sitt øvste organ

Kommunestyret er øvste organ, med overordna ansvar for kommunen sin verksemd jf. kommunelova § 5-3. Kommunestyret gjer vedtak på vegne av kommunen så langt ikkje anna følgjer av lov forskrift eller delegeringsvedtak.

Gjennom delegeringsreglementet avgjer kommunestyret oppgåve- og myndefordelinga mellom kommunestyret, dei ulike folkevalde organa og kommunedirektøren.

Kommunestyret skal i hovudsak konsentrere seg om dei prinsipielt viktige og strategiske oppgåvene, og utforme kommunen sine målsettingar. Avgjersler med behov for brei politisk behandling, under dette dei viktigaste avgjersler av organisatorisk og økonomisk karakter og kommunale planar av overordna karakter skal ligge til kommunestyret.

Kommunestyret skal avgjere alle saker som gjeld folkevald organisering, kommuneplan, handlingsprogram, og saker som i følge den, til ei kvar tid gjeldande kommunelov og særlovgeving, er tillagt kommunestyret sjølv.

Kommunestyret har det øvste tilsynet med kommunal forvaltning, og kan krevje ei kvar sak lagt fram for seg til orientering eller avgjerd innanfor og i samsvar med gjeldande lover og reglar.

Kommunestyret har det overordna arbeidsgivaransvaret i kommunen, medan kommunedirektøren har det løpande personalansvaret for alle tilsette.

Kommunestyret har med heimel i kommunelova § 5-15 gitt KS fullmakt til å inngå og seie opp tariffavtalar, samt gi eller ta imot kollektiv arbeidsoppseiing på Ålesund kommune si vegne.

Kommunestyret si delegering av mynde til andre

Kommunestyret kan delegere mynde til å treffe vedtak til andre folkevalde organ, ordførar eller kommunedirektør innanfor rammene av kommunelova eller anna lov.

Andre folkevalde og kommunale organ kommunestyret kan delegere sitt mynde til er mellom anna:

- Formannskapet, jf. kommunelova § 5-6
- Utval, inkl. kommunedelsutval, jf. kommunelova § 5-7
- Kontrollutval, jf. kommunelova §§ 23-1 og 23-2
- Styre for institusjon, jf. kommunelova § 5-10
- Partsamansette utval, jf. kommunelova § 5-11
- Styre for kommunalt føretak, jf. kommunelova § 9-8
- Administrativt vertskommunesamarbeid § 20-2
- Felles folkevald nemnd i vertskommunesamarbeid, jf. kommunelova § 20-3.
- Representantskap og andre styringsorgan for eit interkommunalt politisk råd (ikkje einskildvedtak, men kan gjevast mynde til å gjere slike vedtak om interne forhold i samarbeidet og til å forvalte tilskotsordningar) jf. kommunelova § 18-1.
- Representantskap for eit kommunalt oppgåvefellesskap (ikkje enkeltvedtak, men kan gjevast mynde til å gjere slike vedtak om interne forhold i samarbeidet og til å forvalte tilskotsordningar), jf. § 19-1.

Kommunestyret kan også delegere vedtaksmynde til andre rettssubjekt for saker som gjeld lovpålagte oppgåver så langt det er høve til det i lovgivinga. For andre saker kan kommunestyret delegere dersom saka er av ikkje-prinsipiell karakter.

Felles for felles folkevald nemnd i vertskommunesamarbeid, interkommunalt politisk råd og kommunalt oppgåvefellesskap er at det skal vere samarbeidsavtalar der m.a. oppgåver og mynde skal fastsettast nærare.

Oppgåver som skal ligge til kommunestyret etter kommunelova

Mynde og oppgåver som kommunestyret sjølv skal utøve etter kommunelova:

- Vedtak om kommunevåpen og kommuneflagg, jf. § 3-2
- Opprette andre folkevalde organ, jf. § 5-2
- Delegering av vedtaksmynde til andre rettssubjekt, jf. § 5-4
- Endre kommunestyret sitt medlemstal, jf. § 5-5
- Velje formannskap og fastsette tal medlemmer, jf. § 5-6
- Opprette og legge ned faste utval og bestemme området for deira verksemd, samt opprette kommunedelsutval, jf. § 5-7
- Velje leiar, nestleiar, medlemmer og varamedlemmer til utval, jf. § 5-7
- Opprette kommunestyrekomitear som saksførebuande organ for kommunestyret, og velje leiar og nestleiar, jf. § 5-9
- Opprette styre for kommunale institusjonar, jf. § 5-10
- Velje kommunen sine representantar, under dette val av leiar og nestleiar til partsamansette utval, jf. § 5-11

- Velje eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetting og ungdomsråd, jf. § 5-12
- Fastsette reglement for folkevalde organ, jf. § 5-13
- Fastsette reglement for delegering og innstilling, jf. § 5-14
- Gi KS fullmakt til å inngå og seie opp tariffavtalar, samt gi eller ta imot kollektiv arbeidsoppseiing på kommunen si vegne, jf. § 5-15
- Velje ordførar og varaordførar, jf. § 6-2.
- Gjennomføre konstituerande møte etter valoppgjeret i kommunestyrevalet i tråd med § 7-1
- Velje settemedlem, jf. § 7-10, 2.ledd.
- Vedta forskrift om dekning av utgifter og økonomisk tap og fastsetting av godtgjering for den som har eit kommunalt tillitsverv, jf. §§ 8-3, 8-4, 8-5, 8-6
- Opprette eller slutte seg til pensjonsordning for folkevalde, jf. § 8-7
- Rett til sjukepengar og rett til yting ved yrkesskade for folkevalde som har vervet som hovudgjeremål, jf. § 8-8 og 8-9
- Gi forskrift om permisjon for folkevalde som har vervet som sin hovudgjeremål, jf. § 8-10
- Gjere vedtak om oppretting av kommunalt føretak, jf. § 9-1
- Fastsette vedtekter for føretak, jf. § 9-3, jf. § 9-10
- Velje styre inklusiv leiar og nestleiar for føretak, jf. § 9-5
- Nyval og skifte ut medlemmer i føretak, jf. § 9-7
- Innføre parlamentarisk styreform, jf. § 10-1
- Opprette kommuneråd, jf. § 10-2, jf. § 10-4, 10-6, 10-7, 10-9 og 10-9
- Vedta at folkevalde organ skal ha høve til å halde møte som fjernmøte, jf. § 11-7
- Gi mynde i hastesaker, jf. § 11-8
- Vedta reglement med nærare reglar for saksbehandlinga i folkevalde organ, jf. § 11-2
- Ta stilling til innbyggjarforlag, jf. § 12-1
- Avgjere om det skal haldast rådgjevande folkeavstemming, jf. § 12-2
- Tilsette kommunedirektør, jf. § 13-1
- Avgjere at leiande administrative stillingar skal vere åremålsstillingar, jf. § 13-2
- Fastsette retningslinjer for dei tilsette sin møterett, jf. § 13-4
- Vedta økonomiplan og årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding, finansielle måltal for utviklinga av kommunen sin økonomi, økonomireglement og finansreglement, jf. § 14-2
- Opprette interkommunalt politisk råd og vedta samarbeidsavtale, jf. §§ 18-1, 18-4
- Velje medlemmer til representantskapa, jf. § 18-3
- Opprette kommunalt oppgåvefellesskap og vedta samarbeidsavtale, jf. §§ 19-1, 19-4.
- Delegere mynde ved instruksjon til kommunedirektør for administrativt vertskommunesamarbeid i tråd med § 20-2, 2.ledd, jf. 1.ledd.
- Delegere mynde til felles folkevald nemnd, jf. § 20-3
- Vedta samarbeidsavtale for vertskommunesamarbeid, jf. § 20-4
- Oppnemne klagenemnd for vertskommunesamarbeid med felles folkevald nemnd, jf. § 20-6
- Velje kontrollutval jf. § 23-1
- Vedtak plan for forvaltningsrevisjon, jf. § 23-3
- Vedta plan for eigarskapskontroll, jf. § 23-4
- Fastsette reglar for kontrollutvalet sin kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap, jf. § 23-6, 4. ledd, jf. 1. ledd.
- Velje sekretariat for kontrollutvalet etter innstilling frå kontrollutvalet, jf. § 23-7
- Val av revisor, etter innstilling frå kontrollutvalet, jf. § 24-1
- Vedta eigarskapsmelding minst ein gong i valperioden, jf. § 26-1
- Fastsette tiltaksplan for økonomi (ROBEK), jf. § 28-4, jf. § 28-1.

- Gjere vedtak om betalingsinnstilling, jf. § 29-2

Lista er ikkje uttømande. Fullstendig oversikt over føresegn i kommunelova der kommunestyret sjølv må gjere vedtak vil gå fram av KF delegering.

Oppgaver og mynde som kommunestyret sjølv har etter særlover og vedteke delegeringsreglement

Alkohollova

- Avgjere om alle eller nokre av sals- og skjenkeløyve skal gjelde vidare i inntil fire år utan fornying, jf. 1-6
- Vedta alkoholpolitisk handlingsplan, jf. § 1-7d
- Fastsette talet på ambulerande skjenkeløyve som ikkje er knytt til ein bestemt person eller skjenkestad, som kan brukast på stadar som vert godkjent for eit enkelt høve og for skjenking i slutta lag, jf. § 4-5 (30 i inneverande løyveperiode)
- Treffe vedtak i alle saker etter alkohollova som vert vurdert å vere av prinsipiell karakter, jf. dei til ei kvar tid gjeldande alkoholpolitiske retningslinjer.

Barnehagelova

- Fastsette vedtekter for kommunale barnehagar, jf. § 8.

Brann- og eksplosjonsvernlova

- Gi lokale forskrifter om meldeplikt ved store arrangement, jf. § 7.
- Gjennom forskrift eller einskildvedtak avgjere at det skal førast tilsyn med bygningar etter § 13 fjerde ledd.
- Gi pålegg om nødvendige brannverntiltak, jf. § 14 1. ledd
- Gi lokal forskrift om gebyr for gjennomføring av feiing og tilsyn med fyringsanlegg, jf. § 28 andre ledd.

Domstollova

- Oppnemne medlemmer til Forlikrådet, jf. § 57 første ledd
- Oppnemne utval av meddommarar, jf. § 66

Eigedomsskattelova

- Avgjere om det skal skrivast ut eigedomsskatt i kommunen § 2
- Fastsette kva eigedomar det skal skrivast ut eigedomsskatt på § 3
- Fastsette grupper for fritak frå eigedomsskatt etter § 7 (med unntak av § 7c som ligg til formannskapet.)
- Fastsette satsar og reglar som skal nyttast ved utskriving av eigedomsskatt, jf. kap. 4.
- Oppnemning av medlemmer til sakkyndig nemnd og sakkyndig klagenemnd, jf. § 8A-3 nr. 4.
- Fastsette terminar for eigedomsskatten § 25

Ekteskapslova

- Oppnemne vigslarar, jf. § 12b)

Forpaktingslova

- Oppnemning av skjønnsnemnd, jf. § 11

Helse- og omsorgstenestelova

- Inngå samarbeidsavtale med helseføretaket, jf. § 6-1

Hundelova

- Fastsette forskrift om bandtvang, jf. § 6 andre ledd.

Kyrkjelova

- Oppnemne representant til kyrkjeleg fellesråd, jf. § 12.

Lov om konfliktråd

- Oppnemne konfliktrådsmeklar til konfliktrådet, jf. § 4.

Lov om interkommunale selskaper (IKS-lova)

- Vedta selskapsavtale, jf. § 4
- Oppnemning av medlemmer til representantskap, jf. § 6

Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)

- Gi forskrift om undervisningstid ut over timerammene, jf. § 2-2 andre ledd.
- Gi forskrift om skule- og feriedagar i skuleåret, jf. § 2-2 fjerde ledd
- Gi forskrift om kva målform som skal vere hovudmål i dei einskilde skulane, jf. § 2-5 første ledd.
- Drøfte den årlege tilstandsrapporten om grunnskuleopplæringa, jf. § 13-3e

Motorferdselslova

- Fastsette forskrift om løyper for køyring med snøscooter på vinterføre, jf. § 4a andre ledd.
- Gi forskrift om landing og start med luftfartøy på bestemte stader i utmark og vassdrag, jf. § 5 første ledd a)
- Gi forskrift om bruk av motorfartøy på innsjøar, jf.. § 5 første ledd b)
- Gi forskrift om at elektriske sykklar ikkje skal vere lovleg i bestemte område jf. Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag
- Gi føresegner om køyring som nemnt i «Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag» bokstavane b-g, jf. forskrifta § 3 andre ledd.

Matrikkellova

- Inngå avtale etter kommunelova om å overlate til andre å utføre oppmålingsforretningar og/eller å føre matrikkelen på sine vegne, jf. § 5a andre ledd.
- Fastsette gebyr, jf. § 32.

Partilova

- Vedtak om finansiering av dei folkevalde gruppene i kommunestyret, jf. § 10 (2).

Plan og bygningslova

Leie den kommunale planlegginga og sørge for at plan- og bygningslovgevinga vert følgt i kommunen, jf. § 3-3 annet ledd.

- Etablere ei særskilt ordning for å ivareta barn og unge sine interesser i planlegginga, jf. § 3-3 tredje ledd.
- Planvedtak, mekling til departement, søksmål jf. §§ 5-6, 5-7
- Vedta kommunal planstrategi, jf. § 10-1.
- Fastsette planprogram for kommuneplan med unntak av mindre omfattande revisjonar (delegert til planutvalet) § 11-13
- Vedta kommuneplanen sin arealdel, jf. § 11-15.
- Vedta kommuneplanen sin samfunnsdel, jf. § 11-2 siste ledd jf. § 11-15.
- Motsegn, endring og oppheving av kommuneplanen sin arealdel jf. §§ 11-16, 11-17
- Avgjere om planutvalet si avgjerd om ikkje å fastsette planprogram skal oppretthaldast jf. § 12-9.
- Vedta reguleringsplanar, jf. § 12-12.
- Endre og oppheve reguleringsplanar som ikkje kan delegerast jf. § 12-14.
- Vedtak om ekspropriasjon, jf. §§ 16-2, 16-3, 16-4, 16-5, 16-6, 16-7, 16-8, 16-9, 16-10, 16-11
- Føresetnader for bruk av utbyggingsavtaler, jf. § 17-2.
- Fastsette fordelingsfaktor, jf. § 18-7
- Søknad om riving av tiltak nemnt i pbl. § 20-1 første ledd a) og som er lokalisert i bevaringsområde eller gjeld gjenreisningsperioden etter bybrannen i Ålesund sentrum
- Vedta program for utbetring av bygningar og tilhøyrande areal for ein eller fleire eigedomar i tettbygd strok jf. § 31-8.
- Gi forskrift om gebyr, jf.. § 33-1

Politiлова

- Vedta forskrift om politivedtekter § 14 Serveringslova
- Vedta forskrift om opningstider § 15

Vallova

- Val av valstyre, jf. § 4-1.
- Val av leiar og nestleiar i valstyret, jf. § 4-1
- Fastsetting av valdag § 9-2.

Lov om vass- og avløpsanlegg

- Gi forskrift om kommunale vass- og avløpsgebyr jf. § 5

Lista er ikkje uttømande.

Vedta lokale forskrifter – kommunale betalingstenester

Som hovudregel gjeld følgjande:

- Kommunestyret i Ålesund vedtek som hovudregel at det sjølv skal fastsette alle lokale forskrifter, dvs. vedtak som gjeld rettar eller plikter til eit ubestemt tal eller ein ubestemt krets av personar, jf. forvaltningslova § 2 c), uavhengig av om dette er uttrykkeleg føresett i den einskilde særlov. Lokale forskrifter skal utarbeidast i samsvar med saksbehandlingsreglane i forvaltningslova kap. VII om forskrifter, så sant det ikkje finst unntaksreglar som heimlar noko anna.
- Kommunestyret i Ålesund vedtek som hovudregel at det sjølv skal fastsette nivået for alle lovpålagte betalingstenester. Med kommunal betalingsteneste vert meint gebyr/pris/avgift/eigendel og liknande som vert kravd for ei lovpålagt kommunal serviceyting. (Fleire kommunale betalingstenester har sjølvkost som øvre grense for kva som lovleg kan krevjast i gebyr. Andre kommunale betalingstenester er regulert av staten i form av vedtekne maksimal - eller minimumssatsar, eller som påbodne satsar. For fleire gebyr er det heimla i særlov at kommunestyret sjølv må vedta gebyrregulativet).
- Kommunestyret i Ålesund vedtek at kommunedirektøren får fullmakt til å treffe enkeltvedtak i gebyrsaker, under dette vedtak om det på skjønsmessig grunnlag kan krevjast lågare gebyr i enkeltsaker. Forvaltningslova sine reglar gjeld i slike saker, under dette reglane om klage.

DELEGERING TIL FORMANNSKAPET

Ansvarsområde og mynde

Ansvarsområdet til formannskapet gjeld all kommunal verksemd og formannskapet kan gjere vedtak i alle saker som ikkje er delegert til andre utval eller til kommunedirektør og som ikkje ligg til kommunestyret sjølv. Dette anten ved lov, forskrift, delegeringsreglement eller etter eige vedtak.

Formannskapet skal ha eit særleg fokus på forhold og saker som krev samordning og samordna politisk behandling i kommunen.

Formannskapet har eit særleg ansvar for å arbeide med saker av prinsipiell karakter innan følgjande område:

- Politisk styring
- Økonomisaker, under dette finansforvaltning
- Overordna planar, under dette kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel
- Næringsliv og samfunnsutvikling
- Forsking, innovasjon og digitalisering
- Universitetsbyen Ålesund
- Smartby
- Folkehelse
- Likestilling og diskriminering
- Sikkerheit og beredskap
- Regionalt utviklingsarbeid og regionalt samarbeid
- Kommunen sine ulike eigarskap og eigarskapsstrategi
- Regionalt, nasjonalt og internasjonalt arbeid i kommunen

Landbrukssaker:

Formannskapet gjer vedtak i saker med landbruksinteresser av prinsipiell karakter der kommunen har avgjerslemynde og der myndet ikkje er lagt til andre organ eller til kommunedirektøren.

Ålesund kommune sin heiderspris

Formannskapet vel ut ein vinnar og tildeler prisen etter at kvart kommunedelsutval har nominert ein kandidat frå sin kommunedel.

Formannskapet sitt disposisjonsfond

Utbetalingar frå formannskapet sin disposisjonskonto skal skje på grunnlag av vedtak i formannskapet. Ordførar er gitt mynde til å disponere inntil kr 25.000 av formannskapet sin disposisjonskonto eller reservepost. Ordførar rapporterer til formannskapet om desse vedtaka.

Høyringsuttale

Formannskapet gir høyringsuttale på kommunen sine vegne i saker av prinsipiell karakter. Formannskapet uttalar seg på vegne av kommunen i regionale og nasjonale høyringar av prinsipiell karakter.

Forskrifter

Formannskapet legg forskrifter ut på høyring

Formannskapet skal innstille til kommunestyret i følgjande saker

Formannskapet innstiller til kommunestyret i alle saker der ikkje innstillingsmynde er lagt til andre organ.

Formannskapet innstiller til vedtak i kommunestyret i økonomiske saker nemnd i kommunelova § 14-3 tredje ledd, og til skattevedtak.

Formannskapet har mynde til å avgjere følgjande:

- Saker av prinsipiell art, innanfor gjeldande lover og reglar
- Legge planar ut på høyring
- Saker om rapportering
- Oppfølging av vedtekne planar

Når verkeområda nemnt i lista vedkjem andre hovudutval, skal saka først handsamast i relevant hovudutval.

Kommuneplan

Formannskapet kan vedta:

- offentlig ettersyn/offentleggjering av planstrategi
- offentlig ettersyn og fastsetjing av planprogrammet for kommunedelplanar

- offentlig ettersyn av planframlegg for kommunedelplanar, og eventuelle tilleggshøyringar for kommuneplanen

- mindre endringar av kommuneplanens arealdel

I desse sakene innstiller formannskapet til kommunestyret:

- Vedtak av planstrategi
- Vedtak av planprogram for kommuneplanen
- Offentleg ettersyn av kommuneplanframlegg
- Vedtak av kommuneplan og kommunedelplanar

Formannsskapet er generalforsamling for kommunalt heileigde aksjeselskap.

Formannskapet oppnemner medlemmer og representantar til alle styre, råd og utval som ikkje er lagt til kommunestyret sjølv eller er delegert til andre organ.

Formannskapet skal ha avgjerdsmynde etter følgende særlover

Eigedomsskattelova

- Formannskapet vert delegert mynde til å avgjere enkeltsaker om fritak for eigedomsskatt, jf. § 7 c
- Formannskapet kan setje ned eller ettergi eigedomsskatt, jf. § 28
- Jordlova
 - Driveplikt § 8
 - Omdisponering § 9
 - Mynde til deling av landbrukseigedom, jf. § 12
- Kommuneleva
 - § 7-9 etter søknad frita, for eit kortare tidsrom eller resten av valperioden folkevald som ikkje kan ivareta vervet sitt utan at det fører til vesentleg ulempe for han eller ho
 - § 11-8 hastesaker
- Konesjonslova
 - Saker etter kap. 1,4,5 og 6
- Odelslova
- Smittevernlova
 - Vedta møteforbod, stenging av verksemd, avgrensing i kommunikasjon og isolering, jf.. § 4-1 første ledd bokstav a-d
 - Vedtak om skading av eigedom, jf.. § 4-1 fjerde ledd

- Vedta forholdsreglar ved gravferd og transport av lik, jf. § 4-6 første ledd
- Vedtak om bruk og skade av eigedom ved særskilte tiltak, jf.. §§ 3-1 og 3-8, jf.. § 7-1 femte ledd
- Vallova:
 - Formannskapet er valstyre, jf. § 4-1.
 - Kommunestyret delegerer sitt mynde til å oppnemne stemmestyre, jf. § 4-2 og avgjere kor mange stemmekretsar kommunen skal delast inn i jf. § 9-3 til valstyret
- Viltlova

Delegering av mynde til formannskapet i hastesaker

Med heimel i kommunelova 11-8 første ledd vert formannskapet gitt mynde til å gjere vedtak i saker som skulle ha vore gjort av eit anna organ, når det er nødvendig at vedtak vert gjort så raskt at det ikkje er tid til å innkalle det organet som skulle ha avgjort saken. Vedtak gjort etter denne fullmakta skal leggest fram for vedkomande organ sitt neste møte.

FASTE UTVAL

Dei faste utvala skal handsame saker av prinsipiell karakter innan sine nemnde områder. Utval for oppvekst og kultur, helse og omsorg, samt samfunn og miljø vert omtala som hovudutval.

Vedtaksmynde

Hovudutvala har mynde til å avgjere følgjande saker innanfor rammene av gjeldande regelverk, overordna planar, budsjettvedtak m.m.:

- Saker av prinsipiell art innan utvalet sitt verkeområde
- Legge planar innanfor utvalt sitt verkeområde ut på høyring
- Saker om rapportering innan utvalet sitt verkeområde
- Oppfølging av vedtatt handlings- og økonomiplan innanfor utvalet sitt verkeområde
- Oppfølging av planar som er vedtatt innanfor utvalet sitt verkeområde
- Fordele tilskot og midlar innafor vedtekne kommunale ordningar og gjeldande budsjettvedtak som fell inn under hovudutvalet sitt ansvarsområde

Hovudutval for kultur og oppvekst

Kjerneoppgåver er knytt til barnehage, grunnskule, SFO og vaksenopplæring, samt ulike tenester på kulturfeltet, idrett og friluftsliv, kulturbygg, frivillig arbeid/frivilligsentralar, flyktning og integrering. Målet er å sørge for barns trivsel, utvikling og læring, slik at dei er godt budd til å meistre vaksenlivet.

- Barnehage
- Grunnskule
- Vaksenopplæring
- Integrering
- Skulehelse, helsestasjon, jordmor, familievegleiing

- Barnevern
- Kunst
- Kultur
- Kulturskule
- Innbyggartorg
- Bibliotek
- Frivilligheit
- Fritidstilbod til barn, unge og vaksne
- Idrett
- Introduksjonsordning og norskopplæring for nykomne innvandrarak
- Einslege mindreårige

Vedtaksmynde:

Hovudutvalet avgjer sjølv saker etter følgjande særlov:

Opplæringslova

- Fremme søknad om avvik fra lova i forbindelse med tidsavgrensa forsøk, jf.. § 1-4
- Fremme søknad om avvik fra læreplan, jf.. §2-3 fjerde ledd
- Sentralisering av teiknspråkopplæring, jf.. § 2-6 andre ledd
- Vedtekter for skolefritidsordning, jf. § 13-7 tredje ledd

Hovudutvalet avgjer sjølv saker etter følgjande særlov:

Film og videogramlova

- Gi kommunalt løyve til filmframvising, jf. § 2 i Film- og videogramlova

Stadnamnlova

- Vedta skrivemåten av offisielle adresse og av namn på tettstader, grender, kommunale gater, vegar, torg, bydelar, bustadfelt, anlegg og liknande., jf. § 7 i Stadnamnlova.

Tildele Ålesund kommune sine prisar; Kultur og idrettsprisen, kunstnarprisen og miljøprisen i tråd med vedtekne retningslinjer.

Tildele kulturmidlar i tråd med vedtekne retningslinjer, samt disponere Ålesund kommunes kulturfond.

Hovudutval for helse og omsorg

Kjerneoppgåver er å hjelpe innbyggjarane til å kunne leve eit så aktivt og sjølvstendig liv som mogleg og ansvarsområda er helsetenester, pleie- og omsorgstenester, psykisk helse og rus, aktivitet og sysselsetjing.

- Helse og omsorg
- Legevakt og legetenester
- Arbeid, velferd og sosiale tenester

- Rus og psykiatri
- Oppfølging og sanksjonar Alkohollov/reglement
- Miljøretta helsevern
- Smittevern
- Strålevern

Hovudutvalet kan sjølv avgjere tildeling av tilskotsmidlar innan sitt ansvarsområde, i tråd med vedtekne retningslinjer.

Hovudutval for teknisk, miljø og samferdsel

Kjerneoppgåver er knytt til å bygge fellesskap og gode infrastrukturar innan kommunalteknikk, miljø og samferdsel.

- Klima, miljø og forureining
- Vatn, avløp og renovasjon
- Grøntstruktur, naturforvaltning og friluftsliv
- Trafikktrygging
- Veg

Vedtaksmynde:

Hovudutvalet avgjer sjølv saker etter følgjande særlov:

Motorferdselslova

- Gi løyve til køyring utover forskrifta § 2 - § 5 i unntakstilfelle etter skriftleg søknad, jf. forskrift for bruk av motorkøyetøy i utmark og på islagte vassdrag § 6.

Tildele Ålesund kommune sin miljøpris i tråd med vedtekne retningslinjer.

Planutval

Planutvalet handsamar saker etter plan- og bygningslova

- Utvikling og gjennomføring innan området mobilitet
- Areal-, by-, tettstad og transportplanlegging
- Tildele Ålesund kommune sin byggeskikkpris i tråd med vedtekne retningslinjer

Planutvalet behandlar og innstiller til kommunestyret i saker knytt til gjennomføring av den kommunale planlegginga i medhald av pbl. § 3-3, kap. 10, 11 og 12 .

- § 1-9 Mynde til å klage på enkeltvedtak etter lova i dei tilfelle vedtaket direkte vedkjem kommunens saksområde
- § 4-1 Planprogram
- § 4-3 Samfunnssikkerheit og risiko og sårbarheitsanalyse
- § 5-3 Mynde til å initiere etablering av regionalt planforum og peike ut kommunen sine representantar i fall slikt forum vert etablert

- § 5-4 Mynde til å fremme innvending til planforslag
- § 12 – 8 Avgjere om kommunedirektøren si avgjerd om at privat planinitiativ ikkje skal fremmast skal oppretthaldast
- § 12 - 8 Avgjere usemje på vesentlege punkt i oppstartsmøtet som forslagsstillar etter § 12 - 8 kan krevje lagt fram for kommunestyret til vurdering
- § 12 - 9 Utarbeide planprogram for planar med vesentleg verknad
- § 12 - 10 Behandle reguleringsplanforslag
- § 12 - 11 Behandle private reguleringsplanforslag
- § 12 - 12 Vedta mindre reguleringsplanar når planen er i samsvar med rammer i kommuneplanens arealdel og det er mindre enn fire år sidan han blei vedtatt av kommunestyret
- §12- 13 Vedta rettsverknad og uttale før vedtak av departement
- § 12 - 14 Treffe vedtak om å oppheve reguleringsplan som i det vesentlege er i strid med overordna plan
- § 13 - 1 Vedta midlertidig forbod mot tiltak
- § 13-2 Fastsette eigedomsgrense mv.
- § 13 - 3 Vedta å forlenge fristen for mellombels forbod mot tiltak
- § 14- 2, 14-3, 14 -4, 14-5 og 14 -6 Konsekvensutgreiingar for tiltak og planar etter anna lovverk
- § 15-1, 15-2 og 15-3 Innløysing og erstatning
- § 19-2 Vedta dispensasjonar som ikkje ligg til kommunedirektøren.
- § 20-1 - i følgjande type saker:
 - a) oppføring, tilbygging, påbygging, underbygging eller plassering av blokkbygningar, bygg til offentlege og allmennyttige formål og større industri- og næringsbygg
 - b) vesentleg endring eller vesentleg reparasjon av tiltak nemnt i plan- og bygningslova § 20-1 første ledd a) og som er lokalisert i bevaringsområde
 - c) fasadeendring i bevaringsområde
 - d) bruksendring eller vesentleg utviding eller vesentleg endring av tidlegare drift av tiltak nemnt i plan- og bygningslova § 20-1 første ledd a) og som er lokalisert i bevaringsområde
 - e) plassering av skilt og reklameinnretningar og liknande på bevaringsbygg, jf. også plan- og bygningslova § 30- 3
- § 30-3 Skilt og reklameinnretningar

Eigarskapsutval

Eigarskapsutvalet er eit underutval av formannskapet og skal bidra til operativ, heilskapleg og føreseieleg folkevald eigarstyring og eigarskapsforvaltning av føretak. Eigarskapsutvalet skal ha 5 medlemmer oppnemnd av og frå formannskapet. Eigarskapsutvalet innstiller og rapporterer til formannskapet.

Oppgåver og mynde

Eigarskapsutvalet skal mellom anna:

- Bidra i arbeidet med å utvikle styringsdokument, som f.eks. eigarskapsmelding og eigarstrategiar.
- Vere kommunen sitt eigarorgan som set i verk og følgjer opp kommunen si vedtekne eigarskapsmelding ovanfor føretaka.
- Førebu og gjennomføre føretaksvise eigar-/dialogmøte.

- Kan be om å få utgreidd saker til politisk behandling.

Valstyre

Formannskapet er kommunen sitt valstyre i samband med Stortings- og sametingsval og Kommunestyre- og fylkestingsval jf. vallova § 4-1. Kommunestyret delegerer til valstyret å velje medlemmer til stemmestyrer og avgjere kor mange stemmekretsar kommunen skal delast inn i. I tillegg gjere vedtak i andre saker i samband med val der avgjerdsmynde ikkje er lagt til kommunestyret sjølv etter lov eller forskrift.

Forhandlingsutval

Samansett av dei same fem medlemmer frå formannskapet som er politisk oppnemnt i administrasjonsutvalet.

Forhandlingsutvalet har mynde til sjølv å ta avgjersle i følgjande saker:

- Tolkingsspørsmål knytt til reglement for folkevalde sine arbeidsvilkår
- Avtalar om korleis reglement for folkevalde sine arbeidsvilkår skal praktiserast og i særskilte tilfelle gi dispensasjon frå regelverket
- Fastsette kommunedirektøren si lønn ved tilsetjing og i samband med lønnsforhandlingar
- Ha årleg leiarsamtale/utviklingssamtale med kommunedirektøren
- Lønnsstrategi

Kommunedelsutval

Kommunedelsutvala er heimla i kommunelova §§ 5-7 og 5-8 og er inndelt i følgjande 8 geografiske område:

1. **Hessa, Skarbøvik og Aspøy** som dekker Hessøya, Aspøya og vestre del av Nørvøya aust til Gjerdegata og Flatholmvegen 19.
2. **Nørvøy, Nørvasund og Hatlane** som dekker Nørvøya vest til Gjerdegata og Flatholmvegen 19 (ca.) og austover til Hatlaåsen.
3. **Spjelkavik, Åse og Lerstad** som dekker området frå Hatlaåsen og austover til gamle kommunegrensa mot Skodje og sørover til Skåthaugen.
4. **Indre Borgund** som dekker området frå Skåthaugen i nord, Humla, Tørla og austover til den gamle kommunegrensa mot Skodje.
5. Skodje
6. Ørskog
7. Ellingsøy (Ellingsøya og øyar og holmar i Ellingsøyfjorden)
8. Sandøy

Mynde og oppgåver

Kommunedelutvala skal handsame saker av prinsipiell karakter innan følgjande områder:

- spørsmål av særleg interesse for nærdemokratiet i kommunedelen
- spørsmål av særleg interesse for stadutvikling i kommunedelen

Kommunedelsutvala skal vere høyrings- utviklings- og planleggingsorgan for saker som gjeld den aktuelle kommunedelen. Kommunedelutvala skal sjølv ta initiativ til utvikling av lokalmiljøet og medverknad i saker av interesse for kommunedelen.

Kommunedelutvala skal ha eit aktivt ansvar for å fremme nærdemokrati, lokal stadutvikling og samskaping i kommunedelen i tråd med kommuneplanens samfunnsdel. Utvala skal vere bindeledd mellom kommunens innbyggjarar og kommunens sentrale organ/administrasjon. Kommunedelutvala skal ta eit aktivt ansvar for å involvere kommunedelens innbyggjarar i saker som skal handsamast i utvalet.

Kommunedelutvala skal aktivt involverast ved utarbeiding av aktuelle planar. Før plansaker vert lagt fram til politisk handsaming, skal kommunedirektøren innhente kommunedelutvalet sine førebelse synspunkt. Synspunkta skal følge saka.

Kommunedelutvala skal **innstille** i vegnamnsaker. Vedtaksorganet skal legge sterk vekt på kommunedelsutvalet sitt syn i saka. Vidare skal kommunedelutvala kunne uttale seg og vere høyringsorgan i plansaker, budsjett- og andre overordna saker som vedkjem heile kommunen. Kommunedelsutvala skal dermed ha eit særskilt blikk på det som skjer i kommunedelen samtidig som dei må vere kjend med kommunen sine overordna planar og organisasjonen sitt årshjul. Handlingsrommet er såleis knytt til kommunedelen, men vert avgrensa av det som skjer på overordna nivå og vedkjem heilskapen.

Høyringssaker skal leggjast fram for kommunedelsutvala så tidleg som mogleg.

Kommunedelutvala skal **nominere** ein kandidat kvar frå sin kommunedel til Ålesund kommune sin heiderspris. Formannskapet vel ut ein vinnar og tildeler prisen.

Kommunedelsutvala er ikkje brukarorgan eller klageorgan og skal ikkje engasjere seg i saker som gjeld enkeltpersonar eller saker som kan klagast på med heimel i lov.

Kommunedelutvala skal:

- Haldast orientert om status i utviklingsprosjekt
- Haldast orientert om status i kommunedelens tenestetilbod
- Medverke og samarbeide med innbyggartorga om organiseringa av den årlege TV-aksjonen for sin kommunedel
- Medverke og samarbeide med kommunen i årlege ryddeaksjonar i kommunedelen

Årshjul og handlingsprogram

Det blir utarbeida eit eige årshjul for kommunedelsutvala som følgjer det administrative og politiske årshjul. Kommunedelutvala skal utarbeide eit årleg handlingsprogram på eige initiativ, også med forankring i kommunens handlingsplanar for utvikling av kommunedelen. Utvala skal evaluere handlingsprogrammet slik at arbeidet i KDU kjem fram i kommunen si årsmelding. Kommunedelutvala kan be kommunedirektøren om orientering i saker av særskilt interesse for kommunedelen.

Tildelte midlar

Kommunedelsutvala har mynde til å tildele midlar til lokale tiltak i den respektive kommunedelen innan utvalet sitt eige budsjett. Tildeling kan skje fortløpande og bør vere gjort innan 1. oktober. Tildeling gjeld i første rekke nærmiljøtiltak og tiltak som ikkje er lagt til anna organ eller ei verksemd sitt ansvarsområde. KDU skal gjennom sin bruk av budsjettmidlar stimulere til lokal identitet og lokalt engasjement. Utfordringa ligg i å kjenne handlingsrommet for kommunale innkjøpsreglar, reglar for habilitet og kommunale tilskotsordningar.

Kontakt mellom kommunedelsutvala og politisk og administrativ leiing

Det skal vere faste årlege møte mellom kommunedelsutvala og administrativ og politisk leiing i kommunen. Kommunedirektør og politisk leiing deltek på kommunedelsutvala sine leiarsamlingar. Det skal vere to faste møte i året mellom KDU, kommunedirektør og politisk leiing: Eit møte med gitt tema (februar) og eit tidleg innspelsmøte med kommunedirektøren knytt til kommunen sitt handlingsprogram og budsjett (september). Protokollar, vedtekne handlingsprogram og årsrapportar for kommunedelsutvala skal vere referatsaker til kommunestyret.

Oppgåveutval - tidsavgrensa

Oppgåver og mynde

Kommunestyret opprettar sjølv oppgåveutval (ad hoc-utval), og fastset området for deira arbeid og tildeler eventuelt avgjerslemynde.

Utvala sine oppgåver vil vere førebunde handsaming av saker og å utføre særskilte tidsavgrensa verv.

Kommunestyret vedtek mandat for utvala, og gir samstundes i mandatet nærare tidsramme og økonomisk ramme for arbeidet. Kommunestyret vel medlemmer og leiar og nestleiar for utvala.

Oppgåveutvala skal greie ut og kome med framlegg i saker til kommunestyret i tråd med mandatet dei er gitt. Oppgåveutvalet innstiller direkte til kommunestyret med mindre kommunestyret i mandatet bestemmer at oppgåveutvalet skal innstille via eit anna utval til dømes ein kommunestyrekomite eller formannskapet. I særskilte tilfelle kan kommunestyret gi utvalet avgjerslemynde i enkeltsak som har direkte tilknytning til utvalet sitt oppdrag. Oppgåveutvala kan knyte til seg personar/organisasjonar som ikkje er folkevalde i samband med utvalet sitt arbeid. Utvalet kan også legge opp til høyringar, invitere til idedugnader, folkemøte, møte med interessegrupper m.v. Utvalsleiar har eit særskilt ansvar for at arbeidet knytt til mandatet utvalet har fått vert gjort planmessig og rasjonelt, og i samarbeid med kommunedirektøren. Utvalsleiar har ansvar for at det vert laga ein framdriftsplan for arbeidet. Ordførar og kommunedirektør (eller den kommunedirektøren utpeiker) har møte- og talerett i utvala sine møte. Ordførar har forlagsrett. Kommunedirektøren stiller administrative ressursar til disposisjon etter behov.

Arbeidsutval

Oppgåver og mynde

Arbeidsutval er eit folkevald organ etter kommunelova § 5-1 e). Kommunestyret, formannskapet og faste utval kan opprette arbeidsutval. Arbeidsutval skal ha medlemmer som er valde blant utvalet sine medlemmer, med unntak for kommunedelutval.

Utval kan gi arbeidsutvalet mynde til å treffe vedtak i saker som ikkje har prinsipiell betydning, om ikkje kommunestyret sjølv har bestemt noko anna. Eit arbeidsutval får sitt mandat frå, og rapporterer til, det organet som oppnemner arbeidsutvalet.

Kommunedelsutvala kan sette ned arbeidsutval for å løyse små avgrensa oppgåver. I tillegg til medlemmer frå utvala, kan også andre oppnemnast til eit slikt arbeidsutval. Desse arbeidsutvala må følge kommunelova sine reglar for møte. Det vert ikkje betalt møtegodtgjersle for slike møte.

Kommunedirektøren har innstillingsrett til arbeidsutvala.

DELEGERING TIL ANDRE KOMMUNALE ORGAN

Ålesund ungdomsråd

Ungdomsrådet er eit medverknadsorgan oppretta med heimel i kommunelova § 5-12, utan vedtaksmynde med unntak av at rådet har mynde til å handsame og tildele Ungdommens kulturpris for Ålesund, i samsvar med vedtekne retningslinjer.

Partsamansett utval og forhandlingsutval

Partsamansett utval (administrasjonsutval) er kommunen sitt utval for behandling av saker som gjeld forholdet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette på eit overordna nivå.

Dei 5 folkevalde arbeidsgivarrepresentantane i partssamansett utval utgjer eit eige arbeidsutval for strategisaker på arbeidsgivarsida. Arbeidsutvalet nemnast forhandlingsutvalet

Mynde og oppgåver:

Kommunestyret vedtek eigne reglement for partsamansett utval og forhandlingsutval ([lenke til reglement](#)).

KOMMUNALE FØRETAK

Ålesund kommunale eigedom KF (ÅKE)

Føretaket har eige styre og vedtekter med ansvarsområde godkjent av kommunestyret i møte 22.04.21, sak 59/21 ([lenke til Vedtekter ÅKE](#))

Ålesund brannvesen KF

Føretaket har eige styre og vedtekter med ansvarsområde godkjent av kommunestyret i møte 12.12.2019, sak 47/19 (lenker til Vedtekter Ålesund brannvesen KF)

I medhald av forskrift om brannforebygging har Ålesund brannvesen KF mynde til å gi lokal forskrift om forbod mot å gjere opp eld eller behandle brannfarlege gjenstandar, jf. § 3 fjerde ledd, samt oppheving etter § 3 femte ledd.

Møre og Romsdal 110-sentral Ålesund KF

Føretaket har eige styre og vedtekter med ansvarsområde godkjent av kommunestyret i møte 12.12.2019, sak 46/19 (lenke til Vedtekter Møre og Romsdal 100 sentral).

ORGAN ETTER SÆRLOV

Eigedomsskattelova

Skattetakstnemnd

Oppretta med heimel i eigedomsskattelova § 8 A-3 (4)

Nemnda fastset med heimel i eigedomsskattevedtekter for Ålesund kommune alminnelege reglar for taksering og kva takstar som skal gjelde

Skattetakstklagenemnd

Oppretta med heimel § 20 i eigedomsskattelova.

Nemnda handsamar klager på utskriven skattetakst i tråd med reglane i eigedomsskattevedtekter for Ålesund kommune.

Forvaltingslova

Klagenemnd , fvl. § 28, andre ledd

Klagenemnda har 5 medlemmer med varamedlemmer. Minimum 3 av nemndas medlemmer skal veljast blant kommunestyrets medlemmer.

Klagenemnda avgjer klager over enkeltvedtak gjort av kommunalt forvaltningsorgan, under dette vedtak gjort av administrasjonen etter delegert fullmakt. Klagenemnda er klageinstans når dette er heimla i lov eller forskrift eller forutsett i lov eller forskrift. Det same gjeld i andre typar saker der kommunestyret har vedteke det. Klagenemnda er ikkje klageorgan der særlov fastset anna klageinstans utanfor kommunen.

ORDFØRAR

Mynde og delegering til ordførar

Møteleiar

Ordføraren er den fremste tillitsvalde i kommunen. Han eller ho leiar møta i kommunestyret og formannskapet. Ordføraren har møte-, tale og forslagsrett i alle kommunale folkevalde organ. I kontrollutvalet har ordførar møte- og talerett. Ordførar har berre stemmerett i dei organ der han eller ho er vald medlem. Ordføraren kan la eit anna medlem av kommunestyret møte i sin stad i organ ordføraren ikkje er medlem av.

Rettsleg representant

Ordføraren er kommunen sin rettslege representant, og skriv under på kommunens vegne i alle tilfelle der mynde ikkje er tildelt andre. (Sjå vidare pkt. 2 under avsnitt rettstvistar)

Feriefullmakt

I periodar der formannskapet ikkje har møte vert ordføraren gitt mynde til å gjere vedtak i saker som er av ikkje-prinsipiell karakter og som ikkje er lagt til kommunedirektøren, men skulle vore gjort av formannskapet. Sakene må etter ordføraren si vurdering vere kurante, samtidig som det er viktig med ei avgjerd før formannskapet har sitt neste møte. Vedtak gjort etter denne fullmakta skal leggjast fram i formannskapet sitt neste møte.

Formannskapet sin disposisjonskonto

Ordførar har fullmakt til å gjere vedtak om disponering av inntil kr. 25.000,- av formannskapet sin disposisjonskonto eller reservepost. Ordførar rapporterer til formannskapet om desse vedtaka.

Saksgang og behandlingsrekkefølge

Ordførar har mynde til å fordele saker mellom ulike folkevalde organ i tråd med delegeringsreglementet. Ordførar avgjer kva organ og eventuelt kva rekkefølge som skal vere for saker som vedkjem fleire organ, dersom det er tvil om korleis og i kva organ saka skal behandlast. Ordførar avgjer at saker som etter ordførar si vurdering må til kommunestyret (og som ikkje høyrer naturleg inn under ansvar og mynde til andre organ) vert lagt fram for kommunestyret til behandling. Ordførar avgjer i samråd med kommunedirektør og komiteleiar at ei sak går til formannskapet til avgjerd, sjølv om ho ligg til kommunestyrekomite sitt ansvarsområde.

Eigarstyring

Ordførar gir fullmakter til å representere Ålesund kommune i eigarorgan i selskap som kommunen eig heilt eller delvis.

Kurs mv.

Ordførar avgjer søknadar frå folkevalde om deltaking på kurs og konferansar og eventuelt godtgjersle for slik deltaking dersom dette ikkje går klart fram av kommunen sitt godtgjerslereglement.

Ambassadørprisen

Ordførar og kommunedirektør tildeler i tråd med vedtekne retningsliner kommunen sin ambassadørpris – ambassadør av Ålesund - til person som på særleg vis utmerkar seg både nasjonalt og internasjonalt, og som er ein spesielt god ambassadør for kommunen.

Beredskap

Ordførar sine oppgåver knytt til beredskapssituasjonar går fram av kommunen sin beredskapsplan.

Leiersamtale

Ordførar skal, saman med forhandlingsutvalet, gjennomføre årleg leiersamtale med kommunedirektøren.

Vigselsrett

Ordførar og varaordførar skal være vigsler på vegne av kommunestyret, jf. ekteskapslova § 12 b).

Dersom ordførar er forhindra frå å fungere i vervet – varaordførar

Dersom ordføraren er forhindra frå å fungere i vervet trer varaordførar inn i ordføraren sin stad. Trer ordføraren mellombels ut av vervet, rykker varaordføraren opp som ordførar. Trer ordføraren endeleg ut av vervet, skal det vere nyval.

KOMMUNEDIREKTØR

Heimel og ansvarsområde

Kommunedirektøren er øvste administrative leiar for den samla kommunale administrasjon, med dei unntak som følgjer av lov, og innanfor dei grensene som kommunestyret fastsett jf. kommunelova § 13 -1 andre ledd.

Kommunedirektøren skal sikre at kommunens verksemdar vert drifta effektivt, forsvarleg og lovleg.

Kommunedirektøren skal sikre god forvaltningsskikk og har ansvar for at alle saker som vert lagde fram for folkevalde organ er forsvarleg utgreidd og at vedtak vert iverksett. Utgreiinga skal gi eit faktisk og rettsleg grunnlag for å gjere vedtak. jf. kommunelova § 13 -1 tredje og fjerde ledd.

Kommunedirektøren skal legge til rette for god samhandling mellom administrasjon og kommunale føretak/interkommunale selskap som er tildelt oppgåver og mynde frå kommunestyret.

Kommunedirektør har personalansvaret for den enkelte tilsette, inkludert tilsetting, oppseiing, suspensjon, avskjed og tenestlege reaksjonar, så langt ikkje noko anna er fastsett i lov. jf. kommunelova § 13 -1 siste ledd. Kommunedirektøren har ansvar for heilheitleg internkontroll jf. kommunelova § 25-1.

Kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn minst ein gong i året jf. kommunelova § 25-2.

Møterett

Kommunedirektøren har møte- og talerett i alle kommunale folkevalde organ, med unntak av kontrollutvalet. Kommunedirektøren kan la ein av sine underordna utøve denne retten på sine vegne.

Innstillingsrett og uttalerett

Kommunedirektøren legg som hovudregel fram innstilling i alle saker som skal behandlast i folkevalde organ, med unntak av kontrollutvalet.

Kommunedirektøren skal ha høve til å uttale seg i saker som har vore behandla i hamnerådet og som skal behandlast av kommunestyret.

Delegering av mynde

All delegering til administrasjonen skjer til kommunedirektøren (jf. kommunelova § 13 -1).

Ikkje-prinsipielle saker

Med heimel i kommunelova § 13 sjette ledd gir kommunestyret kommunedirektøren mynde til å treffe vedtak i alle saker som ikkje er av prinsipiell karakter med mindre kommunestyret eller lov og forskrift har bestemt noko anna. Dette gjeld alle saker som kommunedirektøren vurderer som ikkje prinsipielle. Slikt prinsipp for delegering inneber at kommunedirektøren sitt mynde er såkalla negativt avgrensa.

Kommunedirektøren kan ta på seg ei kvar oppgåve som ikkje gjennom lovgiving eller anna avgjerd av folkevalde organ er tillagt andre. Kommunedirektøren plikter sjølv å ta stilling til om ei sak er av prinsipiell karakter eller ikkje, og om saka skal behandlast av folkevalde organ. Om kommunedirektøren er i tvil om ei sak er av prinsipiell karakter, er det kommunedirektøren sitt ansvar, i samråd med ordføraren, å avklare dette.

Høyringar

Kommunedirektøren har fullmakt til å gje uttale på vegne av kommunen i høyringar av ikkje-prinsipiell karakter.

Fullmakt til å melde forhold som kan straffast

Kommunedirektøren har fullmakt til å melde og krevje påtale til politiet i saker på kommunen sine vegne. Mynde kan ikkje delegerast vidare.

Beredskap

Kommunedirektøren er leiar av beredskapsarbeidet i kommunen. Mynde kjem fram i vedteke beredskapsplan.

Vidaredelegering

Kommunedirektøren kan vidaredelegere sine fullmakter til underliggende fullmaktsnivå så sant kommunestyret ikkje har vedtatt noko anna eller lov eller forskrift er til hinder for dette. Dette gjeld også behandling av klage som underinstans jf. fvl. § 33.

Delegering lover

Fullstendig oversikt over kva særlover kommunedirektør har fått delegert vedtaksmynde for, skal gå fram av KF delegeringsreglement.

For plan- og bygningslova har kommunedirektøren mynde i alle saker som ikkje ligg til kommunestyre eller planutval. Dette gjeld ikkje-prinsipielle saker, og særskilt vert nemnt:

- § 12 - 14 Treffe vedtak om endringar i reguleringsplan når endringane i liten grad vil påverke gjennomføringa av planen elles, ikkje går utover hovudrammene i planen, og heller ikkje gjeld omsynet til viktige natur - og friluftsområde
- § 18 - 7 Vedta fordelingsfaktor for opparbeidingsplikt og refusjon
- § 18- 9 - Fatte vedtak om refusjon
- § 19 - 2 Vedta dispensasjon frå reglane fastsett i eller i medhald av plan - og bygningslova
- § 31 - 3 Vedta pålegg om sikring og istandsetting av eksisterande byggverk og installasjonar

Dersom kommunedirektøren vurderer at ei sak er av prinsipiell karakter, skal saka leggjast fram for planutvalet til avgjersle dersom det gjeld eit reguleringsvedtak, eller vedtak om dispensasjon etter plan - og bygningslova § 19 - 2. Kva som er av prinsipiell karakter må fastsettast ikkje berre ut frå vedtakets karakter og konsekvensar, men også ut frå ei vurdering av i kva utstrekning dei viktige skjønsmessige sidene av den aktuelle avgjersla må sjåast på som klarlagt gjennom politiske vedtak, instruksar eller tidlegare praksis.

På grunn av at kommunen har mange gamle og utdaterte planar vert svært mykje avgjort gjennom dispensasjonar. Dette medfører risiko for vilkårlegheit og at fleire enkeltsaker samla sett gjer endringar i område som politiske organ kanskje burde tatt stilling til med blick på heilskap og eit overordna syn.

RETTSTVISTAR MV.

Avgjerdsmynde i rettstvistar mv. (pkt. 7 i vedteke rettsinstruks)

Kommunestyret har i medhald av kommunelova § 5-3 delegert kompetanse til å treffe avgjersler på følgande område;

Kompetanse til å fatte følgande avgjersler vert delegert slik det går fram nedanfor:

1. Kompetanse til å gi eller ta imot (godta) erstatningsoppgjer i og utanfor kontrakt, til å forlike rettstvistar utanfor og i rettargang og til å fatte avgjerd om saksanlegg og bruk av rettsmiddel ligg til følgande;

a. Erstatningsoppgjer og rettstvistar om økonomiske verdiar:

- Kommunestyret: Krav over kr. 10 millionar eller krav som vil få presedensverknader
- Kommunedirektøren eller dei kommunedirektøren har vidaredelegert sitt mynde til: Krav til og med kr. 10 millionar når saka ikkje vil få presedensverknader:
- Styret eller dei styret har vidaredelegert myndet til i kommunale føretak eller andre organ/selskap som ikkje er eigne rettssubjekt: krav til og med kr. 10 millionar når saken ikkje vil få presedensverknader:

Ved utrekninga av kravets størrelse skal det berre takast omsyn til hovudstolen.

b. Andre typar rettstvistar

- Kommunestyret: Rettstvistar med stor prinsipiell betydning:
- Kommunedirektøren eller dei kommunedirektøren har vidaredelegert myndet til: Rettstvistar utan stor prinsipiell betydning:
- Styret eller dei styret har delegert myndet vidare til i kommunale føretak eller andre organ/selskap som ikkje er eigne rettssubjekt: Rettstvistar når saka ikkje vil få presedensverknader

c. Saker etter barnevernlova

- Mynde til å treffe vedtak og reise saker for Fylkesnemnda og å bruke rettsmiddel for domstolane ligg til barnevernleiar.

Kompetanse til å treffe avgjersler som nemnt, omfattar også avgjersler om saksanlegg, bruk av rettsmiddel og spørsmål om saksomkostningar mv. Dersom kompetent mynde ikkje har høve til å treffe nødvendige avgjersler innanfor fristar, og dette vil føre til fare for rettstap for kommunen, vert det gitt den næraste funksjonsdyktige underordna verksemd uansett kompetanse og plikt til å treffe avgjersle på vegne av kommunen. Avgjersla fra den underordna verksemda skal i så fall leggst fram for den primærkompetente verksemda, som tar stilling til om avgjersla skal først vidare.

Beløpsgrenser sett opp i rettsinstruksen vert regulert kvart år i samsvar med endringar i konsumprisindeksen.

2.Kompetanse til å vedta forkynning

Forkynning av saksanlegg mot kommunen kan berre vedtakast av ordføraren, jf. domstolslova § 191. Fullmakta kan vidaredelegerast innanfor ramma av domstolslova §§ 193 og 194.

3.Kompetanse til å treffe avgjersle om å gi rettferdsvederlag (erstatning på ikkje-rettsleg grunnlag ut frå konkret rimelegheit) ligg til kommunestyret.

Sjå meir i Rettsinstruks for Ålesund kommune

DELEGERING TIL ANDRE

Ulike interkommunale samarbeid:

- IKA (interkommunalt arkiv)
- Sunnmøre regionråd
- Møre og Romsdal Revisjon SA
- Sunnmøre kontrollutvalssekretariat
- Ålesundregionens Havnevesen
- Bingsa Gjenvinning AS
- Åknes/Tafjord beredskap IKS

Vertskommunesamarbeid:

- E-kommune Sunnmøre
- IUA Sunnmøre (interkommunalt utval for akutt forureining)

Administrativt vertskommunesamarbeid:

Arbeidsgivarkontroll (kemnar)

Barnevern

Brannvern

Krisesenter

IT, drift (e-kommune Sunnmøre)

Legevakt

Overgrepsmottak

PPT

IKRAFTTREDING

Dette delegeringsreglementet er vedteke av kommunestyret i møte 26.10.23, sak 007/23 og gjeld frå 1.1.24. Endring: 25.09.25 vedtok kommunestyret å gi kommunedirektøren uttalerett i saker hamnerådet innstiller til kommunestyret.